



FG Eiendom AS v/Frank Rune Dale

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/4749 - 21/34110

Saksbehandlar:

Ketil Mikkelsen

ketil.mikkelsen@alver.kommune.no

Dato:

20.05.2021

## Protokoll - kryssingspunkt kv1063 Kyrkjevegen og fv565 Alverflaten

Viser til felles synfaring 19.05.2021 kl 08:30 – v/Kyrkjevegen 1

### Til stades:

Frank Rune Dale – FG Eiendom AS, Utbyggjar

Ketil Mikkelsen – Alver kommune, Forvalting

Anders Brakvatne – Alver kommune, Drift

Andreas Knarvik Kolås – Vestland fylke

I samband med dispensasjon frå reguleingsplan i området (ref. sak 20/85), som viser fortau i nord mot fv5476 Skarsvegen, er det søkt dispensasjon ved å etablere eit tilrettelagt kryssingspunkt frå Kyrkjevegen til fylkesvegnettet. Det er fleire overlappende reguleringsplanar i området, og det vil bli store endringar i samband med ny bru over Alverstraumen. Løysinga med tilrettelagt kryssingspunkt er vurdert som god.

Tiltaket omfattar tilrettelagt kryssingspunkt, mellom Kyrkjevegen og busslomma langs fv565 (sjå bileta). Det er masseutskifta og asfaltert med limte asfaltskøytar mot eksisterande asfaltdekke. Utbyggjar fjernar skiltmateriell og rydar staden.

Løysinga ligg inne på fylket sitt gbnr 137/608. Representantane frå Alver kommune og Vestland fylke ser det som fornuftig at fylket drifter dei ekstra meterane med fortau. Noverande utforming vil lette drift av fortausløyising langs busslomma i fv565, ved at den mogleggjer kjennomkøyring av driftsutstyr der ein tidlegare har måtte ryggje.

Vegavdelinga i Alver kommune ser tiltaka på og langs kv1063 - Kyrkjevegen som ferdigstilte. Vegen vert overtatt til drift.



Med helsing  
Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Ketil Mikkelsen  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Ander Brakvatne  
Andreas Knarvik Kolås  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Tone Bøyum

**Mottakarar:**

FG Eiendom AS v/Frank Rune Dale